

Julehelsing 2022

Året går mot slutten og mange ser fram til nokre fridagar i samband med julehøgtida. Det er sanneleg fullt fortent. 2022 vart slett ikkje slike me hadde tenkt. Me trudde me hadde lagt bak oss dei verste verknadane etter koronapandemien og at me skulle få eit vanleg år utan for store utfordringar, men der tok me skammeleg feil. Framleis skapar pandemien i Kina store utfordringar for verdshandelen og den forferdelege krigen i Ukraina påverkar oss alle. Aukande prisar på straum, drivstoff og daglegvarer gjer livet krevjande og vanskeleg for mange.

Verdssituasjonen har gitt oss nokre krevjande utfordringar her i landet, men dei vert likevel små i forhold til dei folket i Ukraina møter. Ein umenneskeleg krig der målet synes å vera å øydeleggja så mykje som mogeleg av landet sin sivile infrastruktur og påfører sivilbefolkninga uakseptable lidningar. Våre varmaste tankar går i desse dagar til innbyggjarane i Ukraina med eit inderleg ønskje om at denne meningslause krigen snart må ta slutt.

Kommunen har fått nye utfordringar som følgje at den sterke prisauken i verda, både straumpris og renteauke påverkar dei kommunale kostnadane kraftig. Biletet er heldigvis ikkje berre svart, me har svært låg arbeidsløyse, noko som er bra for dei som har kome seg ut i arbeidslivet og gir kommunen gode og kjærkomne ekstra skatteinntekter. Me ser likevel at utbetalingane til sosialhjelp har auka mykje dei siste månadane og det gir oss ei viss uro inn mot det nye året.

Kommunen har eit høgt aktivitetsnivå neste år med dei store skuleprosjekta og store og naudsynte investeringar på vatn- og avlaupfeltet. Dette kombinert med eit stramt driftsbudsjett, vil gje oss krevjande utfordringar, men dei skal me løysa gjennom godt samarbeid.

Me skal vera stolte over det me får og har fått til i kommunen dei siste åra. Både det politiske samarbeidet og samarbeidet mellom politikarane og administrasjonen, er svært godt og det er stor semje mellom partane om kva som skal prioriterast. Me løftar godt i flokk og klarar stort sett å levera som lova, sjølv om det av og til tek litt lengre tid enn planlagt.

Målet vårt er å vera ein attraktiv kommune å bu i, besøkja og etablera næringsverksemd i. Me har laga planar for store delar av kommunen som gjer det enkelt å etablera seg både med bustad og næringsverksemd. Dette gir oss eit stort konkurransefortrinn. Ny veg over Radøy i 2024 og spennande næringsplanar både på Mongstad og i resten av Fensfjord-området, gjer at framtida for Austrheim kommune ser lys ut. Me må likevel jobba målretta for å sikra oss delar av den veksten som truleg vil koma i denne delen av regionen.

Me må ha gode barnehagar, skular og god kommunal service og me må marknadsføra oss godt. Kommunen må saman med frivillege lag og organisasjonar, leggja til rette for gode fritidstilbod til folk i alle aldrar. Alle skal kunna leva det gode liv i Austrheim!

Me har lenge kjempa for å behalda Austrheim vidaregåande skule og no ser me at fylkeskommunen atter satsar på skulen med nye studietilbod. Det er svært positivt og me er i dialog med fylkeskommunen og andre aktørar om nybygg. Får ein det til, vil skulen få eit skikkeleg løft som kan føra til fleire søkjarar og dermed sikra skulen si framtid.

I skrivande stund har kommunen seksten lærlingar og TAF-elevar og det er me svært stolte av. Hadde me følgd den nasjonale norma skulle me hatt seks lærlingar, men me har altså ti fleire enn det norma tilseier. Dette viser at kommunen satsar på ungdommen og prioriterer å gje ungdommar ei skikkeleg fagutdanning. Me vil takka alle i organisasjonen som gjer det mogeleg for kommunen å tilby gode læreplassar til ungdommane.

Nyttårsfeiringa står for døra og mange vil markera inngangen til det nye året med fyrverkeri. **Eit samla kommunestyre oppmodar innbyggjarane om å bruka fyrverkeriet med vit og forstand og følgja dei reglane som gjeld for oppskyting.** Bruk berre fyrverkeri i tida frå klokka 18:00 nyttårsaftan til klokka 02:00 første nyttårsdag. Ikkje bruk fyrverkeri inne i bustadfelta og ta omsyn til både folk og dyr når de nyttar fyrverkeri. Me må gjera det me kan for å hindra skade på folk, dyr og verdjar i samband med nyttårsfeiringa.

Me ønskjer med dette våre tilsette og innbyggjarane i Austrheim kommune ei fredfull jul og eit godt nytt år! Ei spesiell helsing går til dei av våre tilsette som må halda dei kommunale hjula i gang i høgtida. Både me og dei som mottok tenestene de leverer, set utruleg stor pris på innsatsen dykkar.

Beste helsing

*Per Lerøy
Ordførar*

*Bjørnar Fjellhaug
Kommunedirektør*



Austrheim
OPNE LANDSKAP
OPE SINN

